

FORVALTINGSPLAN

2017-2027



**Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombåde**

FØREORD

4

INNLEIING

5

FORVALTNING AV BRATTEFJELL-VINDEGGEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Forholdet mellom naturvernlova og naturmangfaldloven	6
Naturmangfaldloven i forhold til anna lovverk	8
Forvaltningsorgan	8
Roller og ansvar	9
Foraltningsplan	11

OMRÅDESKILDRING

Oversikt over registrerte rødlista arter i Brattefjell-Vindeggen	12
Naturfagleg skildring	14
Geologi og landskapsbilete	15
Klima	17
Kulturhistorie, kulturlandskap og kulturminne	17
Landbruk	18
Jakt, fangst og fiske	18
Stiar og løyper	18
Eksisterande bygningar innanfor Brattefjell-Vindeggen	19
Større utbyggingar	21
Motorferdsel	21

KUNNSKAP OM VERNET OG VERNEVERDIANE

Føremål – Verneforskrifta	23
Kunnskapsstatus verneverdiar	24
Fugl i Brattefjell-Vindeggen	24
Villreinen i Brattefjell-Vindeggen	25
Kulturhistorie Brattefjell-Vindeggen	28
Kulturminne	29

BRATTEFJELL-VINDEGGEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE – FORVALTNINGSPLAN 2017-2027

Redaktør / fotograf: Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombåde v/ Peter C. A. Kölle
Design: Superlativ Media AS
Forsidebilde: Sentrale høgfjellsområde i Brattfjell-Vindeggen. Mefjell og Robekknuten i bakgrunnen.

RETNINGSLINER OG PRAKТИSERING AV FORVALTNINGA	31
Visjon	32
Mål	32
Bevarings- og forvaltningsmål	32
Forvaltningsstrategi	33
Forvaltningssoner	33
Vernesone (sone 1)	34
Forvaltningsmål for vernesona	34
Brukssone (sone 2)	34
Forvaltningsmål for brukssona	35
Kulturlandskapssone (sone 3)	36
Forvaltningsmål for kulturlandskapssona	36
Verneforskrifta	38
Det generelle forbodet mot inngrep	38
Landbruk	39
Bygningar	41
Bygningar i samband med landbruk og utmarksnæring	42
Jakt, fiske og friluftsliv	43
Stiar og løyper	44
Motorisert ferdsel	46
Sakshandsaming	48
SKJØTSELSTILTAK	52
OPPSYN OG TILSYN	52
INFORMASJON	53
LITTERATUR	55
VEDLEGG	57
Vedlegg 1 – Bevaringsmål	58
Vedlegg 2 – Sonekart	62
Vedlegg 3 – Løypekart	64
Vedlegg 4 – Bygningskart	66
Vedlegg 5 – Villrein og motorferdselskart	68
Vedlegg 6 – Verneforskrifter	70
Vedlegg 7 – Forskrift om motorferdsel	73
Vedlegg 8 – Vedtekter for verneområdestyret	74
Vedlegg 9 – Stillingsskildring forvaltar	79



FØREORD

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet med dyrelivsfreding vart oppretta ved Kgl. res. 15.12.2000. Vedtaket gjeld eit område på 381,7 km² i kommunane Hjartdal, Seljord, Vinje og Tinn i Telemark.

Føremålet med vernet er å taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde, biologisk mangfald med eiga villreinstamme, rikt plante- og dyreliv, samt verdifullt kulturlandskap og kulturminne.

Frå 2004 hadde kommunane forvaltningsansvaret, men frå november 2010 tok det fyrste verneområdestyret over som forvaltningsorgan. Målet var å sikre lik forvaltning i alle dei fire kommunane.

Verneområdestyret består av ein representant frå kvar kommune, i tillegg til ein representant frå Telemark fylkeskommune. Miljødirektoratet har delegera mynde frå Klima- og miljødepartementet til å godkjenne styret.

Den fyrste forvaltningsplanen for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet vart ferdig i 2010 og har vist seg å vere eit godt hjelpemiddel i forvaltninga. Planen blei til ved eit eige prosjekt under leiing av ei styringsgruppe, og ført i pennen av eit rådgjevingsfirma.

Denne reviderte planen har kome til under leiing av verneområdestyret og er skiven av verneområdeforvaltaren. Planen har vore gjennom ein prosess som mellom anna har sikra deltaking frå alle som har interesse og ansvar i forvaltninga.

Miljødirektoratet har overordna ansvar for alle verneområda i Noreg, og er òg godkjenningsorgan for forvaltningsplanen.

Skinnarbu, August 2016

Steinar Bergsland

Solveig Sundbø Abrahamsen

Audun Dølen

Audun Solberg

Kjellfrid Neset

INNLEIING

Utanom Hardangervidda er Brattefjell-Vindeggen det største naturområdet i Telemark utan vesentlege tekniske inngrep.

Området vart oppretta ved Kgl.res. 15. desember 2000. Det samla arealet er 381,7 km². Verneområdet ligg innanfor kommunane Hjartdal (206 km²), Seljord (119,7 km²), Tinn (34,7 km²) og Vinje (21,3 km²) i Telemark. Landskapsvernombrådet er eit samanhengande fjellområde som ligg sør for Møsvatn/Rjukan, vest for Gaustatoppen, nord for Hjartdal og aust for Rauland. Området er samansett av eigedomar av varierande storleikar, alle eigm privat.

Føremålet med landskapsvernombrådet er:

- å ta vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogsområde.
- å ta vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- å ta vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne.

Brattefjell-Vindeggen har namnet sitt frå dei to fjella Brattefjell (1540 moh.) og Vindeggen (1516 moh.) som ligg sentralt i området. Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombråde er eit fjellområde med delvis viddepreg, men som er meir stykka opp av dalar enn Hardangervidda. Der finst ingen markerte U-dalar, men fleire av dei største dalføra er prega av iserosjon. Myrområde er det relativt mykje av. I Gaustamassivet i nordaust finn me den nest største førekomensten av blokkmark i Telemark, og på vestsida av Gaustatoppen ligg det største samanhengande området med ur i fylket. Landskapet er mange stadar prega av kulturpåverknad frå tidlegare tider.

Geografisk er området delt i to: den søraustlege delen er prega av "Forfjellsregion med hovudsakleg boreal vegetasjon", dvs. barskogsone. Den meir nordlege og høgareliggende delen hører til same fjellregionen som Hardangervidda.

I dalane finn me den rikaste vegetasjonen, her finn me òg nokre sjeldne planteartar. Om lag 25 ulike vegetasjonstypar er registrert innanfor Brattefjell Vindeggen landskapsvernombråde. Eit belte frå Åmotsdal mot Vindsjåen og Gaustatoppen inneheld kvartsitt og kalkhaldig skifer. Bergartane i området er alle frå prekambriske tid, dvs. grunnfjellbergartar. I dei høgare delane av området er det mest bart fjell, eller eit tynt og usamanhengande morenedekke. Lokalt i dalføra finn me eit meir samanhengande dekke av botnmorene.



FORVALTING AV BRATTEFJELL-VINDEGGEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE



Aslakstulvatnet i Gausdalen. Gaustatoppen på 1883 moh. bak.

Status som landskapsvernombordet inneber eit mildare vern enn nasjonalpark. Tradisjonell bruk av området vil som regel kunne halde fram som tidlegare, under føresetnad av at det ikkje blir gjennomført inngrep som kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

Miljødirektoratet sitt rundskriv M 106-2014 om forvaltning av verneforskrifter er eit viktig hjelpemiddel for forvaltningsmyndigheita si utøving av forvaltninga. Rundskrivet omhandlar ikkje forvaltningsplanlegging og skjøtsel, men er eit viktig verkty for forvaltningsmyndigheita i arbeidet med å forvalte verneverdiane og å gjere naudsynte tiltak dersom desse er truga. Rundskrivet omhandlar både dei verneområda som er verna etter naturvernlova, slik som Brattefjell-Vindeggen, og dei som seinare er verna etter naturmangfoldloven.

FORHOLDET MELLOM NATURVERNLOVA OG NATURMANGFALDLOVEN

Naturvernlova blei «avløyst» av naturmangfoldloven 19. juni 2009, men verneforskrifter oppretta med heimel i naturvernlova gjeld framleis. Dette er heimla i naturmangfoldloven § 77 om overgangsvedtak. Utgangspunktet er at disse forskriftene skal forvaltas i tråd med intensjonane på vernetidspunktet, men naturmangfoldloven kan likevel supplere og utfylle einskilde eldre verneforskrifter. Det betyr mellom anna at naturmangfoldloven sin generelle dispensasjonsbestemming § 48, gjeld i staden for dispensasjonsreglar som er tekne inn i verneforskrifta før naturmangfoldloven tok til å gjelde. I tillegg har naturmangfoldloven vedtak om handheving og sanksjonar som også gjeld for verneforskrifter etter naturvernlova.

NATURMANGFALDLOVEN I FORHOLD TIL ANNA LOVVERK

Naturmangfoldloven gjeld side om side med anna lovverk. Tiltak og aktivitet i landskapsvernombordet må ha løye både etter naturmangfoldloven og etter eventuelt anna lovverk som tiltaket eller aktiviteten er regulert av. Eit døme er bygging av uthus. Her blir maka handsama av verneområdestyret etter verneforskrifta og naturmangfoldloven, medan kommunane skal handsame same sak etter Plan- og bygningslova. Det same kan seiast om motorferdselsaker, som fyrst blir handsama etter verneforskrifta og naturmangfoldloven for deretter å bli handsama etter motorferdselloven.

Tiltak eller aktivitet som ikkje er regulera av verneforskrifta, blir handsama etter anna lov-giving åleine.

Dersom det er motstrid mellom vedtak, går normalt verneforskrifta føre andre lover eller forskrifter. Normalt vil verneforskrifta ha strengare vedtak om bruk og tiltak i eit verneområde, enn det som gjeld etter anna lovverk.

Grensa for landskapsvernombordet er absolutt, og verneforskrifta gjeld ikkje på utsida. Verneområdestyret har heller ingen styringsrett på utsida, men det er likevel viktig at tilgrensande område blir forvalta slik at verneverdiane på innsida ikkje blir skadelidande. Dette ansvaret ligg hos forvaltningsmyndigheita etter det aktuelle lovverket. Etter naturmangfoldloven § 49 skal denne mynda legge vekt på verneverdiane i verneområdet i avgjerder etter anna lovverk.

FORVALTNINGSORGAN

Brattefjell- Vindeggen landskapsvernombordet er forvalta av eit verneområdestyre. Styret er samansett av ein representant frå kvar av dei fire kommunane, samt ein representant i frå Telemark fylkeskommune. I hovudsak er det snakk om at ordførarane sit i styret, men andre sentrale politikarar er like aktuelle.

Det er kommunestyra og fylkestinget som vel sine representantar og vararepresentantar, men det er Miljødirektoratet som utnemner.

Det fyrste verneområdestyret blei konstituert i 2010. Då styreperiodane følgjer opplegget for kommune- og fylkestingsval, er nye styrer konstituert etter vala i 2011 og 2015.

UTANOM HARDANGERVIDDA ER BRATTEFJELL-VINDEGGEN DET STØRSTE NATUROMRÅDET I TELEMARK UTAN VESENTLEGE TEKNISKE INNGREP.

ROLLER OG ANSVAR

Alle eigedomar i landskapsvernombrådet er privateigde. *Grunneigarane* er rettshavarar til dei rettar som ligg til eigedomen. Skogbruk, beiterettar og hausting av villt- og fiskeressursar er mest aktuelt. Gjennom dette har dei også eit forvaltningsansvar og ei interesse for berekraftig forvaltning. Vidare kan det ikkje utan vidare gjennomførast tiltak utan grunneigar sitt samtykke, og det kan heller ikkje drivast motorferdsel utan grunneigar sitt samtykke. Grunneigarane er også organiserte i Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutval. Gjennom dette utvalet utøver grunneigarane si rolle i mellom anna villreinforvaltninga.

Nærings- og interesseorganisasjonar har medverknad og innspel til både planarbeid og til den pågående forvaltninga. Organisasjonane har ikkje eit formelt ansvar, men er med av eiga interesse. Dei er likevel faste deltagarar i det fagleg rådgjevande utvalet.

Kommunane er forvalningsorgan for mellom anna Plan- og bygningslova og motorferdsel-loven. Den einskilde kommune har berre ansvar i sitt område. Alle saker som rører ved desse lovene skal handsamast i kommunen i tillegg til verneområdestyret.

Verneområdestyret er forvalningsorgan for verneforskrifta. Alle saker som krev dispensasjon etter verneforskrifta skal handsamast av styret. Styret har vidare ansvar for gjennomføring av tiltak som er omtala i forvaltningsplanen, også utarbeiding og revisjon av sjølvé planen.

Verneområdeforvaltaren er ansvarleg for den daglege drifta av forvaltninga av landskapsvernombrådet. Forvaltaren er kontaktpunktet for dei fleste aktørane innan forvaltninga, og har ansvar for å drive informasjonsarbeid og for å gjennomføre tiltak som er vedtekte i forvaltningsplanen. Vidare er det forvaltaren si oppgåve å førebu dispensasjonssaker som skal handsamast i styret.

Fagleg rådgjevande utval er ei referansegruppe samansett av grunneigarrepresentantar, næringsorganisasjonar og interesseorganisasjonar. Utvalet brukast til å diskutere aktuelle forvaltingsspørsmål.

Administrativt kontaktutval er samansett av ein representant frå administrasjonen i kvar av kommunane samt verneområdeforvaltaren. Utvalet brukast til å diskutere aktuelle administrative problemstillingar i samband med den daglege forvaltinga av landskapsvernombrådet.

Villreinnemnda har det offentlege forvaltningsansvaret for villreinforvaltninga i Brattefjell-Vindeggen. Villrein- og utmarksutvalet og villreinnemnda jobbar tett saman i villrein-spørsmål. Vidare er det slik at verneområdestyret innhentar uttale frå villreinnemnda i dispensasjonssaker som kan røre ved villreinen.

Fylkeskommunen er regional kulturminnemyndighet etter kulturminnelova. I Brattefjell-Vindeggen er det ein rekke flotte stølslandskap, og nettopp desse er blant verneføremåla. Kommunane må innhente uttale frå fylkeskommunen før dei kan gje løye etter Plan- og bygningslova. Verneområdeforvaltaren kan be om uttale frå Fylkeskommunen om saka rører ved kulturminne.

Riksantikvaren har det overordna nasjonale kulturminneansvaret.

Fylkesmannen har arbeidsgjevaransvar for verneområdeforvaltaren. I tillegg følgjer Fylkesmannen med på alle vedtak verneområdestyret fattar, og har òg høve til å klage på vedtak fatta av verneområdestyret.

OM LAG 25 ULIKE VEGETASJONSTYPAR ER REGISTRERT INNANFOR BRATTEFJELL-VINDEGGEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE.

Miljødirektoratet har det overordna ansvaret for verneområde i Noreg. Direktoratet utnemner også medlemmane til verneområdestyret etter innstillingar frå kommunane, og fastsett vedtekene for styret. Direktoratet skal godkjenne forvaltningsplanen med tilhøyrande liste over forvaltningstiltak. Dersom det blir klaga i en dispensasjonssak, og verneområdestyrets ikkje sjølv gjer om vedtaket sitt, vil direktoratet overta og fatte endelig vedtak.

Statens naturopsyn (SNO) er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan med tilsynsmyndighet etter naturmangfoldloven, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova, friluftslova, motorferdsellova, kulturminnelova, forureiningslova og småbåtlova. SNO er organisert som ein del av Miljødirektoratet og har ansvar for informasjon, tilsyn, kontroll, registrering og dokumentasjon i landskapsvernombrådet. I tillegg kan dei på bestilling frå verneområdestyret gjennomføre tiltak som skjøtsel og tilrettelegging. I det daglege er det eit tett samarbeid mellom SNO og verneområdeforvaltaren.

Politiet har ansvar for å handsama brot på vernereglane eller anna aktuelt lovverk.

Klima- og miljødepartementet legg dei overordna føringane.



Det er ein god del kulturpåverka landskap i landskapsvernområdet. Her ei ku på Selstali
– ein stule like på utsida, men med dyr som beiter ein god del inne i verneområdet.

FORVALTNINGSPLAN

Arbeidet med den første forvaltningsplanen for Brattefjell-Vindeggen starta opp hausten 2004. Den gongen var det kommunane som hadde ansvar for arbeidet. Det blei ein krevjande prosess og først i 2010 blei planen ferdig. Planen du no les er ei revidert utgåve av nemnde plan.

Når ein utarbeider ein forvaltningsplan er det avgjerande at ein har klårt føre seg at all forvaltning i landskapsvernområdet skal ta utgangspunkt i verneforskrifta, og at det er dette som skal synleggjerast i forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen har som oppgåve å forklare og eksemplifisere innhaldet i verneforskrifta.

Målet med forvaltningsplanen:

- Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremme verneføremålet og verneverdiane.
- Sikrer forutsigbar forvaltning ovafor brukarane.
- Etablere ei langsigktig, berekraftig lokal forvaltning.
- Forvaltningsplanen skal vere ei kjelde til informasjon om kva for aktivitetar som er tillatne innanfor verneområdet, kva for tiltak som kan godkjennas etter nærmare søknad, og kva for tiltak som er forbode, samt til informasjon om særlege tilretteleggingar i dei ulike forvaltingssonene.

OMRÅDESKILDRING





Vindeggen sett frå nord.

OVERSIKT OVER REGISTRERTE RØDLISTA ARTER I BRATTEFJELL-VINDEGGEN

CR = kritisk truga, EN = sterkt truga, VU = sårbar, NT = nær truga.

VITENSKAPELIG NAVN	ARTSGRUPPE	NORSK NAVN	STATUS
<i>Gentianella campestris</i>	Karplanter	Bakkesøte	EN
<i>Aythya marila</i>	Fugl	Bergand	VU
<i>Carduelis flavirostris</i> (Linnaeus, 1758)	Fugl	Bergirisk	NT
<i>Luscinia svecica</i>	Fugl	Blåstrupe	NT
<i>Ursus arctos</i>	Pattedyr	Brunbjørn	EN
<i>Calidris pugnax</i>	Fugl	Brushane	EN
<i>Gallinago media</i>	Fugl	Dobbeltbekkasin	NT
<i>Arctoia fulvella</i>	Moser	Faksjøkelmose	NT
<i>Larus canus</i>	Fugl	Fiskemåke	NT
<i>Pandion haliaetus</i>	Fugl	Fiskeørn	NT
<i>Lagopus muta</i>	Fugl	Fjellrype	NT
<i>Fuscopannaria confusa</i>	Lav	Fossefiltlav	EN
<i>Lynx lynx</i>	Pattedyr	Gaupe	EN
<i>Cuculus canorus</i>	Fugl	Gauk	NT
<i>Micranthes tenuis</i>	Karplanter	Grannsildre	NT
<i>Emberiza citrinella</i>	Fugl	Gulspurv	NT
<i>Botrychium lanceolatum</i>	Karplanter	Handmarinøkkel	VU
<i>Lepus timidus</i>	Pattedyr	Hare	NT
<i>Podiceps auritus</i>	Fugl	Horndykker	VU
<i>Bubo bubo</i>	Fugl	Hubro	EN
<i>Carex heleonastes</i>	Karplanter	Huldstarr	NT
<i>Pseudorchis albida</i>	Karplanter	Hvitkurle	NT
<i>Accipiter gentilis</i>	Fugl	Hønsehauk	NT
<i>Catabrosa aquatica</i>	Karplanter	Kildegras	NT
<i>Calcarius lapponicus</i>	Fugl	Lappspurv	VU
<i>Lagopus lagopus</i>	Fugl	Lirype	NT
<i>Circus cyaneus</i>	Fugl	Myrhauk	EN
<i>Tayloria tenuis</i>	Moser	Møkktrømpetmose	NT
<i>Fuscopannaria mediterranea</i>	Lav	Olivenlav	NT
<i>Chaenothecopsis viridialba</i>	Lav	Rimnål	NT
<i>Carpodacus erythrinus</i>	Fugl	Rosenfink	VU
<i>Riparia riparia</i>	Fugl	Sandsvale	NT
<i>Circus aeruginosus</i>	Fugl	Sivhauk	VU
<i>Emberiza schoeniclus</i>	Fugl	Sivspurv	NT
<i>Melanitta fusca</i>	Fugl	Sjørre	VU
<i>Rostania occultata</i>	Lav	Skorpeglye	VU
<i>Numenius arquata</i>	Fugl	Storspove	VU
<i>Sturnus vulgaris</i>	Fugl	Stær	NT
<i>Melanitta nigra</i>	Fugl	Svartand	NT
<i>Delichon urbicum</i>	Fugl	Taksvale	NT
<i>Grimmia mollis</i>	Moser	Toppknausing	NT
<i>Streptopelia decaocto</i>	Fugl	Tyrkerdue	NT
<i>Canis lupus</i>	Pattedyr	Ulv	CR
<i>Vanellus vanellus</i>	Fugl	Vipe	EN
<i>Hypercallia citrinialis</i>	Sommerfugler		VU
<i>Thelopsis flaveola</i>	Lav		VU

NATURFAGLEG SKILDRING

Storparten av området har typisk flora ut frå dei geologiske og geomorfologiske tilhøva på staden. Nokre delområde har rike vegetasjonssamfunn og sjeldne planteartar.

Den artsrike faunaen inneheld dei fleste artane ein vanlegvis finn i høgtliggande barskog og alpine område.

Mange hekkande artar av ender og vadefugl er av særleg verdi, då lokalitetane ligg langt sør for elles kjende utbreiingsområde i Skandinavia sitt høgfjell.

Den lokale villreinstamma i Brattefjell-Vindeggen har, i likskap med andre norske villreinstammer, internasjonal verneverdi og gjer området til eit viktig økosystem. Å sikre villreinstamma er difor eit viktig motiv for forvaltningsplanen. Likevel er ikkje Brattefjell-Vindeggen rekna som nasjonalt villreinområde, til det er det for lite. For villrein er hovudregelen at alt areal over skoggrensa er teljande jaktareal. Skoggrensa er markert ved skiljet mellom grønt og kvitt på eit M 711/N 50 kart (målestokk 1:50 000).

Svein Vetle Trae studerte dette området i 1992-95, og fann at under kalvinga spreier simlene seg over store område i fjellmassivet Svatjell, Brattefjell og Robekk. Faste kalvingsstader finst ikkje, men varierer med beite- og snøtilhøva. Kalvingstidspunktet varierer også, men storparten av kalvinga skjer i tidsrommet 15. mai til 10. juni. Det er også observert nyfødde kalvar så seint som i slutten av juli og så tidleg som fyrste veka i mai.

Teljande areal i Brattefjell-Vindeggen Villreinområde er oppgjeve til å vera 357 km². Villreinområdet består av ulike jaktfelt.

GEOLOGI OG LANDSKAPSBILETE

Bergartane i området er alle frå prekambriske tid, dvs. grunnfjellsbergartar. I området frå Skjesvatn i sørvest til Bondal/Tuddal i nordaust finn me for det meste sure, vulkanske bergartar frå Rjukangruppa. Desse bergartane er om lag 1500 millionar år gamle, og dei eldste me kjenner til i Telemark.

Dei same bergartane finn me att i Svinefjellområdet i sørvest. I nordvest mot Frøystul og Møsvatn finn me ulike andre bergartar frå Rjukangruppa, med meir basisk innslag.

I området frå Åmotsdal i sør og i ein boge nord- og seinare nordaustover mot Windsjåen og Gaustatoppen finn me for det meste kvartsitt og kalkholdig skifer frå Seljordgruppa. Desse bergartane er noko yngre enn Rjukangruppa. I tillegg finn me amfibolittiske (basiske) bergartar spreidde rundt i heile området.

Dei høgareliggende delane av området er for det meste bart fjell, eller med eit tynt og usamanhengande morenedekke. Lokalt i dalføra finn me eit meir samanhengande dekke av botnmorene. Ved sørrenden av Sandsetvatn ligg eit felt med daudismorene, og daudisformer som esker og haugar finst spreidd i området. Det finst nokre spreidde førekommstar med breelv- og elveavsetningar, medan organiske avsetningar dvs. myr, er meir utbreidd.



Mårråstaddalen og Gaustatoppen.

Forvitra og nedrasa fjell finst fleire stader i området. Blokkmrk finn me blant anna på Gaustamassivet (nest største førekommst i Telemark). På vestsida av Gausta finn me det største samanhengande området med ur i fylket.

Landskapsbiletet er mange stader prega av kulturpåverknad frå tidlegare tider.

KLIMA

Innlandsklima er karakteristisk for dei lågare partia av området, medan dei høgare områda har eit klima som tenderer mot ein svak oseanisk type. Store delar av nedbøren kjem som snø. Snøen ligg frå 200 til 225 døgn i året, stuttast tid i sør. Årstemperaturen er i snitt frå 0 til 2 grader C.

BRATTEFJELL-VINDEGGEN HAR NAMNET SITT FRÅ DEI TO
FJELLA BRATTEFJELL (1540 MOH.) OG
VINDEGGEN (1516 MOH.) SOM LIGG SENTRALT I OMråDET.

KULTURHISTORIE, KULTURLANDSKAP OG KULTURMINNE

Landskapet i Brattefjell-Vindeggen er i ulik grad prega av kulturpåverknad frå tidlegare tider; jernvinning, stølsdrift, utmarksbeite, skogsdrift, jakt, fiske og friluftsliv er døme på årelang bruk som har sett preg på området.

Det finst ei rad verdfulle spor etter tidlegare tiders bruk av Brattefjell-Vindeggen, der Svartdalsheiane og Måråstaddalen må reknast som dei mest konsentrerte og best bevarte stølsområda innan landskapsvernområdet. Dei representerer difor på ein god måte mangfoldet av kulturminne.

Kulturlandskapet fortel om kvardagsliv og strev for tilverret. Bygningar som forfell, feil restaurering og attgroing av kulturlandskapet, og dermed tap av biologisk mangfold, er dei store utfordringane. Aktiv bruk av kulturlandskapet er naudsynt.

Attgroing er ei generell utvikling i heile regionen. Dette er ein trussel mot det biologiske mangfoldet i kulturbetinga naturtyper i landskapsvernområdet. Historisk sett er det beiting og stølsdrift som har vore drivkrafta for at landskapet har utvikla det særpreget som delar av landskapsvernområdet har. Mange element i kulturlandskapet er i ferd med å gå tapt. Det kan vera aktuelt å på ny skape stølsmiljø eller framheva gamle vollar og hustufter.

LANDBRUK

Brattefjell-Vindeggen har blitt mykje nytta til beite og stølsdrift, men i dag er det berre to stølar i drift; Kråkerøe i Seljord og Finnvolen i Hjartdal. Men det blir framleis sleppt ein god del sau og også nokre storfe på utmarksbeite. Nettopp denne beitinga er avgjerande for å hindre attgroing av dei gamle stølsvollane, og det er god plass til fleire dyr.

Fjellskogen har vore nytta til brensel og tømmer til bygging og våling av stølsbuer. I historisk samanheng var nok presset på fjellskogen veldig stort i dei periodane det blei drive intensiv stølsdrift som kravde mykje brensel. Delar av landskapsvernombrådet har barskog av dimensjonar som også kan nyttast som sagtømmer.

Tradisjonelt har dei fleste fjellgardar som soknar til Brattefjell-Vindeggen, samt ein del gardar på flatbygdene som har tileigna seg fjellbeite, hatt driftshusvære i fjellet. Med driftshusvære meiner ein husvære som er naudsynt for drifta av landbrukseigedommen, som til dømes tilsyn av dyr på utmarksbeite.

JAKT, FANGST OG FISKE

Tradisjonelt har jakt, fangst og fiske vore like viktig som stølsdrift for å overleva for fjellbøndene rundt Brattefjell-Vindeggen.

Jakt og fiske er ofte ei viktig inntektskjelde på landbrukseigedomar. Utnytting av jakt og fiske kan skje som hausting for eigen bruk eller for sal av kjøt og fisk, eller ved at jakt- og fiskerett med husvære vert leidt ut. Utleige av jakt og fiske innanfor Brattefjell-Vindeggen er eit bidrag til ålmenta si tilgang på slike tilbod.

STIAR OG LØYPER

Tradisjonelt har Brattefjell-Vindeggen hatt mange drifte- og rekstevegar i samband med stølsdrift og fjellbeite. Fleire av desse rekstevegane er i ferd med å gro att. Det blei i førre planperiode gjennomført nokre ryddetiltak, men det er viktig at ein også i framtida maktar å holde dei opne.

Det er fleire merka tur- og skiløyper i Brattefjell-Vindeggen (sjå kartvedlegg). Disse er drifta av lag og foreiningar, og er viktige med omsyn til å gjere fjellområdet tilgjengeleg for folk, men også for å kanalisere aktivitet i områder som ikkje verkar forstyrrande på villreinen. I hovudsak finn ein løyper i Skinnarbu-Grasfjellområdet, i Gausdalen, Svinefjell-Leirbekkdalen, Bondal-Vindsjåen og Flottin-Fyribøen. Verneforskrifta seier at det kan gjevast dispensasjon til nye stiar og løyper i landskapsvernombrådet. Det er likevel viktig å passe på at presset mot villreinen ikkje aukar, og det å legge løyper lenger innover i landskapsvernombrådet er ikkje ønskjeleg.

Alle kjende merka/preparerte stiar og løyper er teikna inn i vedlagt temakart. Umerka gamle rekstevegar, stiar og skiløyper er ikkje vist på temakart. Det må presiserast at temakartet er retningsgivande.



Mellan Mårråstaddalen og Diplenuten finn ein denne kløyvde steinblokken. Det ser ut som om han står og ballanserer på ein egg.

EKSISTERANDE BYGNINGAR INNANFOR BRATTEFJELL-VINDEGGEN

Dei fleste bygningane som finst i Brattefjell-Vindeggen er fritidshusvære som har kome etter den generelle velstandsutviklinga i 1960 og -70 åra. Nokre få jakthytter blei bygde allereie i 1920-åra.

Viss ein tel alle slag bygg innanfor landskapsvernrådet, finn ein samla 710 bygningar. Dei fleste finn ein i bruks- og kulturlandskapssona, men det er også ein del bygningar i vernesona. Mange av disse bygningane er gamle støls- og driftsbygg, jakthytter og eldre fritidshusvære, men det finst også einskilde nyare bygg.



Motorferdsel i landskapsvernområdet
kan berre skje når det er absolutt naudsynt.

STØRRE UTBYGGINGAR

Oppdemming av Møsvatn tidleg på 1900-talet, bygging av riksveg 37 og parallellførte kraftlinjer, har saman med hyttebygging skapt ei barriere for villreintrekket som i tidlegare tider gjekk mellom Hardangervidda og Brattefjell-Vindeggen over Møsstrond. Storstilt kraftutbygging i Hjartdalsfjella i slutten av 1950-åra, og seinare oppdemming av Sandsetvatnet (Seljord) opna på godt og vondt fjellområdet gjennom mange anleggsvegar. Desse irreversibele inngrepa er nok dei største trugsmåla, ved sidan av ferdsel, mot det biologiske mangfaldet i Brattefjell-Vindeggen.

BERGARTANE I OMRÅDET ER ALLE FRÅ PREKAMBRISK TID,
DVS. GRUNNFJELLBERGARTAR.

MOTORFERDSEL

Utviklingstendensen når det gjeld talet på snøscooterar og ATV-ar i Noreg viser at det stadig blir fleire som tek i bruk motorisert reiskap i utmark. Motorferdselloven og føresegner regulerer all køyring i utmark og på islagde vatn. Køyring inn mot Brattefjell-Vindeggen skjer frå alle fjellbygder som grensar til verneområdet. Transportbehovet kan ofte dekkast med nokre få turar i året.

I Seljord er det scooterløype frå Skuldal til Sandset i samband med inspeksjon av dammen m.m. Det går også løype inn frå Fossheim og Svartdal inn til Småtjønn og Svain. I Vinje har det også i mange år vore scooterløype frå Skuldal til Møsstrond. I Hjartdal er det scooterpreparert skiløype inn til Flottin. I Bondal er det scooterpreparert skiløype frå Nord-Bondal til Mårastaddalen, og frå Bonsvatn til Windsjåen (etter sommarvegen). Sistnemnde løype blir òg nytta ved tilsyn av kraftanlegg. Elles er hovudtyngda av ferdsla langs desse oppkøyrdre løypene knytt til skiløping og transport av utstyr til hytter. Desse løypene er teikna inn i vedlagde kart, og felles for dei er at løypene kan brukast utan at ein må søkje dispensasjon frå verneforskrifta. Ein må likevel søkje dispensasjon etter motorferdselloven, og det er kommunane som handsamar denne. Naudsynt transport utanfor omtala og teikna løyper krev tillegg til dispensasjon etter motorferdselloven, også dispensasjon etter verneforskrifta, og blir då handsama av verneområdestyret.

Det er utarbeidd eigne interkommunale forskrifter med forbod mot motorferdsel i vinterbeite- og kalvingsområde for villrein visse tider av året (FOR 1996-12-30 nr 1415, sjå vedlegg). Denne forskriften regulerer talet på turar og formål for transport i avgrensa område til avgrensa tid.



KUNNSKAP OM VERNET OG VERNEVERDIANE

Brattefjell-Vindeggen har eiga villreinstamme på omlag 500 vinterdyr.

FØREMÅL – VERNEFORSKRIFT

Verneverdiane innanfor Brattefjell-Vindeggen er knytt til flora, fauna, natur- og kulturlandskap.

"Forskrift om vern av Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde" verner området mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Reglane skal likevel ikkje vere til hinder for ei rad ulike tiltak, og forvaltningsmyndigheita kan på nærmere vilkår gje løyve til tiltak som ikkje strir mot føremålet med vernet.

Verneforskrifta er utforma slik at lokalsamfunna sin tradisjonelle bruk skal kunne halde fram, samstundes som ein skal sikre området mot nye tekniske inngrep i strid med verneføremålet.

I forvaltninga av området må forvaltningsmyndigheita ta omsyn til at mange mindre tiltak over tid samla kan medføre at områdets karakter endrast og at verneverdiane vert skadelidande. Det er òg sentralt at verneområdet skal forvaltast med tanke på å ivareta verneverdiane i eit langsiktig perspektiv og at denne forvaltninga er kunnskapsbasert, jf. Naturmangfoldloven §§ 8-10.

KUNNSKAPSSTATUS VERNEVERDIAR

Dokumentasjon av det eigenarta naturlandskapet og dei urørte høgfjells- og fjellskogområda er ikkje samla, og det er førebels ikkje gjennomført naturtypekartlegging. Likevel er det ein del kunnskap om ulike artar, både dyr og planter. Jan Erik Eriksen (1994) har gjort botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen, og i perioden 2012-2014 er det av Kulturlandskapssenteret i Telemark og Biofokus gjennomført registreringar på utvalde stølsområde i samband med skjøtselsplanlegging. Når det gjeld fuglar og dyr er det samla noko informasjon i Naturbasen, og det blir i 2017 utarbeida oversikt over villreinens områdebruk og trekkvegar i regi av Norsk villreinsenter.

Det klåraste trugsmålet mot naturlandskapet er auka generell belastning. Ein må derfor både vurdere dei einskilde tiltaka for seg, samt summen av all aktivitet under eitt.

FUGL I BRATTEFJELL-VINDEGGEN

Brattefjell-Vindeggen er eit landskapsvernområde som har mykje variasjon. Her finn me høgfjell, vatn og tjønner av mange slag, myrar både i skogsterren og i fjellet, og skogsområde i form av gammal barskog og bjørkeskog opp mot fjellet. Dette gjev i sum gode føresetnader for eit rikt og variert fugleliv.

I høgfjellet er talet på artar til vanleg mindre, og Brattefjell-Vindeggen er ikkje noko unntak. *Fjellrype*, *heipiplerke*, *ramn* og *steinskvett* er karakterartane. Ein kan treffen på *boltit* som truleg hekkar i området. *Heilo* og *ringtrost* opptrer noko lågare i terrenget og finst spreidd over store område. Snøspurv er berre kjent frå Gaustamassivet.

På våtmarkene i høgfjellet, i myr og ved tjønn, er *raudstilken* den vanlegaste og ofte den einaste vadefuglen. Litt lenger ned i terrenget kjem både *grønnstilk*, *strandsnipe* og *vipe inn*. Og nede i barskogen finst òg spreidde par av *gluttsnipe*. *Enkeltbekkasin* finst i område der myr og våtmark dominerer, namnet "mekregauk" har han fått på grunn av den karakteristiske stupflukta. *Rugde* og det kjende rugdetrekket kan ein sjå på kveldstid og om nettene både i skogsområde lågare ned og på myr opp til ca. 1000 moh.

Fiskemåke hekkar spreidd i mange fjellvatn over skoggrensa. Storlom hekkar nok òg spreidd i området, sjølv om ein har få funn å vise til. Smålom er nykommar som hekkefugl i Telemark og hekking er påvist innanfor landskapsvernombordet.

Av andefuglane er det *stokkand* og *krikkand* som er dei vanlegaste. Toppand finst både i barskog og i bjørkebeltet, medan kvinand truleg er hekkefugl i barskogen.

Dei mest karakteristiske rovfuglane i høgfjellet er *kongeørn*, *fjellvåk* og *tårnfalk*, men bestanden varierer som alltid sterkt i høve til tilgangen på smågnagarar og andre byttedyr. *Fiskeørn* er observert, og hekking er sannsynleg, men enno ikkje påvist.

Dvergfalk er relativt vanleg, medan dei to største *falkane*, *jaktfalk* og *vandrefalk*, er langt sjeldnare å treffe på. Det er sannsynleg, men usikkert om dei hekkar innanfor området.

Fleire par med *trane* hekkar i og omkring landskapsvernombordet. Dei er helst å finne i terrenget med vekslande skog og myr i 600-800 moh.

Lavskrike som er trufast mot territoriet sitt året rundt, kan ein treffe på spreidd i eigna lokalitetar i øvre delar av granskogen, særleg i sørlege og austlege delar av området.

På stølvollane treffer ein ofte på både *linerle*, *gulerle*, *gråtrost* og av og til *taksvale*, men også *buskskvett* kan ein sjå spreidd på slike opne stadar der brisken dominerer. *Blåstrupen* finst òg spreidd i dei meir høgtliggende områda i bjørkebeltet.

Rype, *orrfugl* og *storfugl* hekkar alle innanfor landskapsvernombordet, men bestanden vil variere ein del, særleg har bestanden av lirype vist store variasjonar.

DET SAMLA AREALET I BRATTEFJELL-VINDEGGEN
LANDSKAPSVERNOMRÅDE ER 381,7 KM²

VILLREINEN I BRATTEFJELL-VINDEGGEN

Villreinen har hatt og har ein meir aktiv forvaltning enn mykje anna i landskapsvernombordet, mykje takka vere dei økonomiske interessene ein har for reinen. Det samlast systematisk inn kunnskap om bestandsstorleik, bestandsstruktur og områdebruk. Likevel er det eit potensiale i å kartlegge beitebruk og området sitt beiteproduksjonspotensiale. Korleis dette til dømes heng saman med dyra sin kondisjon. Vidare er det mange spørsmål knyta til områdebruken, der ein tenkjer spesielt på den stadig aukande bruken av skogsområda i sumarhalvåret. Likeeins er det manglande kunnskap om dyra sine trekkanar, og om det framleis er utveksling av dyr mellom Brattefjell-Vindeggen og Hardangervidda.

Det er villreinen som er nykelarten i dyrelivet i landskapsvernombordet. Villreinstamma i Brattefjell-Vindeggen har internasjonal verdi og gjer området til eit viktig økosystem. Å ta vare på og sikre villreinstamma var eit viktig motiv for verneplanen. Opphavleg var området å rekne som ein utløpar eller ein tange frå Hardangervidda, men kraftutbygging og vegbygging tidleg på 1900-talet førde til at reinens trekkuter blei avskorne og dette skilde utløparen frå sjølve vidda.

Dagens villreinstamme i Brattefjell Vindeggen er difor stort sett isolert frå andre villreinområde. Stamma er på rundt 500 vinterdyr, noko som svarer til målsetjingane i bestandsplanen.

Brattefjell-Vindeggen har rike sommar- og haustbeite, men det er meir sparsamt med vinterbeite. Her er få faste kalvingsplassar, plassane varierer med beite- og snøtilhøve. Ofte kan dyra trekke heilt ned i bjørkesogen om våren, og etter kalvinga trekker ofte simlene til hellingane mot sør. Når dyra så samlar seg i fostringsflokkar, dreg dei seg meir innover i fjellet mot dei høgare områda. Om sommaren blir ofte bakhellingane i fjellmassiva nytta som tilfluktsstad i varme periodar når fluger, brems og mygg herjar. På den tida jakta tek til, dvs. 20. august, er dyra ofte spreidde i små flokkar over heile villreinområdet. Etter eit par dagars jakt samlar dei seg i større flokkar og i dei seinare åra har reinen trekt seg ned i skogen mot Svartdal, Hjartdal og Tuddal.

Trugsmål for villreinen i Brattefjell-Vindeggen er *arealfragmentering* i form av kraftutbygging, vegbygging, turistsatsing og hyttebygging. Auka ferdsel på grunn av lettare tilgjenge, tung turistsatsing i fleire område og ulovleg snøskuterkjøring påverkar arealbruk, vandringar og genetisk mangfold hjå villreinen i området.

I tillegg til vintertrafikken i fjellet, er det jakta som påverkar villreinstamma mest. Hausting av eit biologisk overskot gjennom jakt er likevel nødvendig dersom ikkje villreinstamma skal "vekse seg ut av matfatet".

Alt talar for at der har vore villrein i Brattefjell Vindeggen frå lang tid tilbake, sjølv om ein finn relativt få spor etter tidlegare tiders jakt og fangst. Men der skal finnast einskilde dyregraver eller opplysningar om slike, t.d. skriv lokalhistorikar Ivar T. Dahl i Tuddal om "dyregravene vest for Bondal". Namn som Reinstjørn, Reinstul, Reinsnuten og Simlenuten tyder òg på at her har vore villrein langt tilbake.

Området har før ca. 1900 vore som ein naturleg tange eller ein utløpar frå Hardangervidda. Truleg har området hatt besøk av villrein frå Hardangervidda når enten stamma der har vore stor, eller beitet inne på vidda har vore mindre tilgjengeleg. Svingingar i bestanden av villrein er ikkje noko nytt fenomen, og med ei større stamme på vidda har reinen trekt meir ut på tangane i periodar. Av dei naturlege trekkrutene mellom Hardangervidda og Brattefjell-Vindeggen finn me to nordaust for Møsvassdammen og ei over Møsvasstangen.

Når ein opererer med eit tidsskilje omkring år 1900 er det av di dette er tida då reguleringa av det store kraftmagasinet Møsvatn tok til. Dette, saman med bygginga av riksvegen mellom Rauland og Rjukan, førde etterkvart til at området blei meir avskore frå Hardangervidda. Men det var ikkje meir avskore enn at dagens villreinstamme for ein stor del er basert på dyr som vandra inn frå Hardangervidda på 1960- og 1970-talet. At dei blei verande i området kan derimot ha sin bakgrunn i at nemnde inngrep kombinert med aukande utbygging av turismen, særleg i nordvest, har ført til ei ytterlegare oppsplitting av leveområda for reinen. Vegbygging og generelt auka ferdsel har òg gjort sitt til at Brattefjell-Vindeggenområdet har blitt avgrensa, og med det har me fått ei eiga villreinstamme som i dag utgjer nærmare 500 vinterdyr.



Villreinen er ein viktig ressurs i landskapsvernområdet.

Nokon meiner det har vore periodar der det ikkje har vore rein i Brattefjell-vindeggen. Andre meiner at det trulig aldri har vore heilt tomt for reinsdyr. Dagens stamme har truleg sitt opphav i at det kom 8 – 10 bukkar over frå Hardangervidda tidleg på 1950 – talet. Desse reiste over etter brunsten og var i Brattefjell-Vindeggen fram til brunst året etter. Då reiste dei attende til Hardangervidda. Slik var det i nokre år, men rundt 1960 fylgde nokre simler med frå vidda. Då blei alle dyra verande og stamma begynte ei forsiktig vekst.

Rundt 1970 kunne ein treffe på opptil 100 dyr i ein flokk i Brattefjell-Vindeggen, og veksten i stamma skaut fart. I 1980 blei det for første gong opna for jakt. Stamma hadde då vakse til meir enn 1000 dyr. Villreinforskar Terje Skogland meinte at stamma no var for stor til at beitet kunne haldast ved like



Det er mange gamle stølsbygg i området.

KULTURHISTORIE BRATTEFJELL-VINDEGGEN

Kunnskapen om kulturminne og kulturlandskapet i verneområdet er i hovedsak knytt til rapporten «Svartdalsheiante og Måråstaddalen – Registrering av stølsanlegg i to dalføre i Brattefjell-Vindeggen i Telemark» av Hans Nordby, og til to skjøtselsplanar som blei utarbeidde av verneområdestyret i førre planperiode. Det finnast inga komplett kartlegging av alle kulturminna i området, og det er til dømes sagt lite om fangstanlegg for villrein eller andre verdifulle kulturminne.

Kulturlandskap og kulturminne er eit av tre hovudføremål med vernet. Dette har bakgrunn i at landskapet i delar av området er sterkt prega av kulturpåverknad frå tidlegare tider: jernvinne, stølsdrift, utmarksbeite, skogsdrift, jakt, fiske og friluftsliv. Området er òg prega av ei rad med gamle ferdselvegar; buferdsvegar, ridevegar m.m. I tillegg er det mange segner og soger knytt til kulturminna i området.

Stølar

Der er sterke tradisjonar knytt til stølsdrift og beitebruk i Brattefjell-Vindeggen. Difor er her òg verdifulle kulturlandskap med heilsakelege og i stor grad intakte stølsmiljø. Desse miljøa vitnar om korleis folk i fjellbygdene har nytta og teke vare på fjellområdet gjennom uminnelege tider. To stølsområde som utmerkar seg er Svartdalsheiante i Seljord kommune og Måråstaddalen i Hjartdal kommune. I båe områda blei det gjort grundige kulturminneregistreringar i førekant av opprettinga av landskapsvernombanen.

Svartdalsheiane

Området Svartdalsheiane ligg på vestsida av Skjesvatn og strekker seg fra Småtjønn i sør til Svain-Steinstaulen i nord. Det er gardar i Svartdal, Dyrlandsalen og Åmotsdal som har hatt stølsdrift i dette området. Stølsdrifta blei trappa ned etter 2. verdskrigen og utover i 1950-åra, men på fleire stadar varte støldrifta mykje lenger. I periodar var dette stølsområdet svært viktig – det heiter blant anna at stølane hadde vore ”livsnerven for gardane i Svartdal”. Stølane har dels fungert som slåttemark, dels som beite. Utanom ”sesongen” har stølshusa blant anna fungert som base for snarefangst av rype vinterstid.

Måråstaddalen

Måråstaddalen ligg nordvest for Bondal i Tuddal og nord for Åtetjønn, området blir avgrensa mot vest ved Lislestulene. Det er fyrist og fremst gardar i Bondal, Heddal og Sauland som har brukta dette stølsområdet. Som elles blei stølsdrifta trappa ned etter 2. verdskrigen, men på ein skilde stølar var det drift heilt til slutten av 70-åra / byrjinga av 80-åra. Driftsmåten i dette området hadde mykje til felles med Svartdalsheiane med ”fullseterbruk” og ein hadde rotasjon mellom slåttemark og beitebruk. Også her var stølane i bruk under snarefangst av rype, dette kunne vera viktig for økonomien og ryrene blei som oftast selde til Rjukan. Den tildige turismen gjorde også sitt inntog i dette området, og tidleg på 1900-talet blei fleire stølshus leigd ut til arbeidarar frå Rjukan som base for jakt og fiske. Karakteristisk for Måråstaddalen i dag er at det ikkje går nokon bilveg inn hit. Kulturlandskapet har difor karakter av å vera urørt av moderne teknologi.

I høve til verneverdi i landskapsvernområdet, handlar dette om heilskaplege stølslandskap som er relativt intakte. Dei største trugsmåla for stølslandskapet er attgroing. Mangel på beitedyr og drift av stølane fører til at opne stølsområde no gror att, og viktige ljoskrevjande planter forsvinn.

KULTURMINNE

Av fysiske kulturminne i området er her nokre døme: brynesteinsbrot ved Butjønn i Hjartdal, kjøtgryte (til reinskjøt) i Gryvleskaret i sørvest, bogastille i Diplanut nordvest for Bondal, og restar etter jernvinne i Svartdalsheiane og Sudbøområdet i Seljord.

Skrivarberget er namnet på ein liten fjellknaus under fjellet Meien sørvest for Vindeggen. Her var tradisjonen å skrive namnet sitt, mange har gjort det og den dag i dag er her synlege bokstavar.



RETNINGSLINER OG PRAKTISERING AV FORVALTINGA

Robekknuten sett frå Skinnarbu.

VISJON

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet skal bli eit døme på at prinsippet om bruk og vern skal styrke både naturmiljøet, kulturmiljøet, næringsutviklinga og busetnaden i området.

MÅL

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet skal forvaltast slik at ein tek vare på:

- Det vakre og eigenarta naturlandskapet.
- Villreinen og det biologiske mangfaldet.
- Kulturminne og kulturlandskap.
- Mogelegheitene for stadstilpassa næring og verdiskaping.

BEVARINGS- OG FORVALTNINGSMÅL

Det er ei målsetjing at forvaltninga i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet skal vere kunnskapsbasert og der igjennom mest mogleg presis. Det betyr at ein tek utgangspunkt i dei naturkvalitetane og dei kulturminna ein har, og koplar dette opp mot bevaringsmål. Desse kvalitetane er det ein finn igjen i føremåla for vernet.

Forvaltningsmål er eit samleomgrep for alle målsetjingar knytt til verneområdet. Dette kan vere knytt til geografisk areal, naturtypar, kulturlandskap, biologisk mangfald eller frilufts- og andre brukarinteresser. Forvaltningsmål er dei måla verneområdestyret har for forvaltning av landskapsvernombordet. Dei er overordna og ein prøver så langt det lar seg gjere å ta omsyn til ulike interessegrupper.

For Brattefjell-Vindeggen har verneområdestyret følgjande overordna forvaltningsmål:

- Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet skal forvaltas slik at naturmiljøet får utvikle seg naturleg og at grad av urørt natur ikkje blir ytterligare redusert.
- Alle kjente trugsmål mot verneverdiane skal overvakast. Det vere seg artar sin eksistens, samla belastning eller trugslar mot attgroing av kulturlandskap. Tiltak skal setjast i verk om det blir naudsynt.
- Informasjon om området og området sine kvalitetar skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg for ålmenta, og ny kunnskap skal føre til oppdatering av Naturbasen og andre liknande kjelder.
- Det skal vere kort avstand mellom aktørane med interesse i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet. Det gjeld både formelle kontaktar, men også sikring av uformelle dialogar mellom brukarinteresser og forvaltningsorgana.

Sjå også dei litt meir konkrete måla under avsnitt for soneinndeling.

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønsker natur- og kulturlandskapskvalitetane i verneområdet skal ha, og dei skal vere målbare. Det inneber at ein må definere mål for areal, naudsynte strukturar, prosessar og førekommst av artar og naturtypar. Ofte er det utfordrande å definere gode bevaringsmål og ikkje sjeldan må ein justere etter kvart som ein får endra kunnskap.

For bevaringsmåla skal ein definere tilstandsvariablar, og dei skal delast inn i god, middels og dårleg tilstand. Ein skal regelmessig overvake tilstanden, men kor ofte vil variere med type bevaringsmål og kva slags trugsmål som påverkar bevaringsmålet. Eit døme kan vere slitasje i terrenget som følgje av folks ferdsel. Kanskje er det ein sti som gjeng over myrområde som stadig blir breiare. Her kan ein eksempelvis definere god tilstand dersom stien er under ein meter brei. Om folk, som følgje av at myra er blaut, vel å ta nye trasear og at stien blir breiare og får fleire «løp», kan ein definere tilstanden som middels eller dårleg avhengig av breidde og talet på «løp». Verneområdestyret vil overvake dette, og sette i verk tiltak dersom tilstanden blir for dårleg. Eit slikt tiltak kan vere å byggje klopper.

Dei ulike bevaringsmåla for Brattefjell-Vindeggen finn ein i vedlegg 1.

**BERGARTANE I OMRÅDET ER ALLE FRÅ PREKAMBRISK TID,
DVS. GRUNNFJELLBERGARTAR.**

FORVALTNINGSSTRATEGI

- Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde skal forvaltast i tråd med gjeldande lover, forskrifter og forvaltningsplan.
- Forvaltningsmyndigheita skal vere tydleg og konsekvent i all sakshandsaming.
- Forvaltninga skal stadig søkje forbeteringar i høve til vedtekne mål i forvaltningsplanen.
- Grunneigarane skal ha ei sentral rolle i forvaltningsplanarbeidet.

FORVALTNINGSSONER

Formålet med ei soneinndeling av verneområde er å nå verneformålet på ein best mogleg måte. Vern av naturmiljøet er den overordna målsetjinga for alle delane av verneområdet, uavhengig av kva for sonekategori dei høyrer til.

I verneområde med differensiera bruk er det ofte trøng for å opprette forvaltningssoner med ulike målsettingar for ferdsel, tilrettelegging og bruk. Tilrettelegging for bestemte aktivitetar må vere knytt til særskilde behov. Ein ynskjer ikkje å opne for tiltak som kan redusere verneverdien.

Verneområdestyret og fagleg rådgjevande utval har i fellesskap evaluera bruken av soneinndeling, og har kome fram til at det er ønskjeleg å vidareføre ordninga i denne planen.

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er delt inn i 3 sonekategoriar: Vernesone, brukszone og kulturlandskapssone. Det er utarbeidd retningslinjer for handsaming av ulike saksotypar knytt til kvar enkel sone. Det betyr altså at verneforskrifta gjeld likt for alle sonane, men at forvaltningspraksisen kan vera ulik.

Avgrensing av sonene går fram av vedlegg 2.

VERNESONE (SONE 1)

Vernesona omfattar dei sentrale høgfjell-/fjellskogområda. Her finst villmarksprega område med få spor etter menneskelege inngrep. Store verneverdiar ligg her. Områda er særleg viktige som leveområde for villreinen både som beite-, trekk- og kalvingsområde. I høgfjellet finn ein viktige vinterbeiteområde for villreinen. Kvar rein bør om vinteren ha om lag 1 km² beiteareal i høgfjellet, med andre ord er vinterbeite flaskehalsen for villreinstamma. Overgangssona mellom høgfjell og fjellskog er også særlig viktig i samband med kalving og fostringsflokkane sitt vårbeite.

Høgfjellet i Brattefjell-Vindeggen inneholder i dag ein rik fauna. Med unnatak av jerv og fjellrev finst alle artar som inngår i eit høgfjellsøkosystem. Overgangssona mellom skog og fjell er også særlig artsrik med representantar frå to økosystem. Den gamle fjellskogen der gran i mange høve dannar skoggrense, er svært artsrik og viktig i samanheng med vern av biologisk mangfald.

FORVALTNINGSMÅL FOR VERNESONA

- Vernesona skal oppretthaldast som eit verdifullt naturområde rikt på biologisk mangfald.
- Bereeva for villrein skal oppretthaldast på dagens nivå ved å taka vare på viktige beite- og kalvingsområde.
- Ein skal vere særleg restriktiv i høve til å dispensere for nye tiltak/anlegg og motorferdsel i Vernesona.
- Vernesona skal bevarast utan ny tilrettelegging for skigåing og fotturisme.
- Hausting i form av jakt, fangst og fiske skal kunne halde fram i Vernesona som tidlegare.

BRUKSSZONE (SONE 2)

Brukssona omfattar område som vert nytta i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrhald, som ikkje er med i kulturlandskapssona. Denne sona er definert som element i det grønfarga området (det vil seie fjellskogområda) på eit N50-kart. Brukssona omfattar og tyngre tilrettelagte stiar, godkjente merka skiløyper, kjøretrasear og vegane inn til dei regulerte vatna Sandsetvatn, Skjesvatn og Vindsjåen.

Brukssona har stor verdi for fjellgardane rundt Brattefjell-Vindeggen, og det er her vi finn potensial for framtidig verdiskaping. Brukssona omfattar i hovudsak områda som i dag er nytta til ekstensive driftsformer i landbruket m.a. husdyrbeite, skogsdrift og jordbruk.

Dei fleste driftshusværa ligg i brukssona, i tillegg ligg òg fleire driftshusvære innanfor kulturlandskapssona. Brukssona er einskilde stader viktige som leveområde for villrein og anna vilt i heile eller delar av året.

FORVALTNINGSMÅL FOR BRUKSSONA

- Områda skal forvaltas med tanke på å ta vare på områda sin art og karakter, utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming.
- Det er viktig med landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane i området.
- Halde oppe drift i utmarka er m.a. viktig for å ta vare på kulturlandskap og plantesamfunn, og dermed det biologiske mangfaldet.
- Det kan gjevast dispensasjon til oppgradering så lenge det ikkje går ut over føremålet med vernet.
- Ved å taka omsyn til villreinen, kan ein legge til rette for naturopplevingsprodukt og landbruksdrift som bidrar til å sikre næringsgrunnlaget for dei lokale fjellbygdene gjennom aktiv verdiskaping med fjellet som ressurs.



KULTURLANDSKAPSSONE (SONE 3)

Kulturlandskapet er, saman med villreinen, ein viktig verneverdi i Brattefjell-Vindeggen. Ein har difor valt å skilje ut spesielt representativt kulturlandskap i ein eigen kulturlandskapszone med differensiert forvaltningspraksis.

Kulturlandskapsona omfattar område som skal gje eit representativt utval av menneskje-påverka område og bygningar som bør takast vare på. Dei utvalte områda har særlege kvalitetar/verneverdiar av kulturhistorisk tyding. Områda inneheld viktige døme på ulike bruksformer, lokal byggeskikk og er av særleg verdi for ålmenta og friluftslivet. Ei rad element går inn i heilskapen rundt stølsdrifta; steingjerde, rydningsrøyser, eiser, grunnmurar og rekstevegar er alle fysiske element som speglar dei gamle driftsformene.

Sona omfattar i hovudsak stølsmiljø, men inneheld og viktige funksjonsområde for vilt m.a. for villrein.

I dag blir områda nytta mest til sauebeite. For nokre år sidan var det også storfe på beite her. Attgroing er ei stadig større utfordring.

FORVALTNINGSMÅL FOR KULTURLANDSKAPSSONA

- Framtidig bruk av kulturlandskap og anlegg i kulturlandskapsona skal avpassast føremålet med vernet.
- Å ta vare på særleg verdifullt stølsmiljø med tilhøyrande eigenarta kulturlandskap.
- Skjøtsel av kulturlandskapet skal ha høg prioritet. Det kan leggjast til rette for næringsutvikling, så lenge tiltaka ikkje er i strid med verneformåla.



"Bakerhytta" i Systebulidalen som
brann ned etter lynnedslag i 2014.

VERNEFORSKRIFTA

Verneforskrifta utgjer den endelege ramma for forvaltninga. Forvaltningsmyndigheita sitt handlingsrom er avgrensa av denne.

Verneforskrifta listar opp:

- Kva tiltak som er forbode.
- Kva tiltak som det kan gjevast løyve til på nærmere vilkår.
- Kva tiltak ein kan gjera utan å søkje.

I dette kapittelet vil ein gå gjennom dei viktigaste føringane for praktisering av verneforskrifta. Dei ulike tiltaka/aktivitetane er sortera etter tema, og der det er ulik praksis for same tema i ulike soner, vil det bli presisera.

DET GENERELLE FORBODET MOT INNGREP

Verneforskrifta punkt 1 og 1.1 seier:

Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

Med dei unntak som fylgjer av forskrifa pkt. 2 og 3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, uttak eller oppfylling av masse, uttak av torv, bergverksdrift og andre inngrep i grunnen, bygging av kraft- og telefonleidningar, damanlegg, taugbaner og skitrekk, opplag av campingvogner, grøfting, planting, skifte av treslag, nydyrkning, oppføring og ombygging av bygningar og anlegg, skilting, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking, bruk av kjemiske middel og utslepp av forureining av alle slag. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Det er fylkesmannen som i tvilstilfelle avgjør om eit tiltak vesentleg vil endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, og det er lista opp ein rekke tiltak som er forbodne. Felles for desse tiltaka er at det er inngrep som aleine eller saman med andre tiltak kan påverke verneføremåla. Det er også viktig å merke seg at opplistinga i dette punktet ikkje er fullstendig. Her seier forskrifa at det er Fylkesmannen som i tvilstilfelle skal avgjøre om eit tiltak påverkar verneføremåla. I praksis betyr det at det er verneområdestyret som i fyrste omgang gjennomfører denne vurderinga.

Innleiingsvis i punkt 1.1 står det vist til at det er unnatak frå forbodet og at dette følgjer av forskrifa punktane 2 og 3. Ein kjem attende til det.

Dersom det skulle oppstå ein situasjon som krev at ferdsel over eit bestemt tidspunkt må stoppe opp, kan direktoratet med heimel i verneforskrifta punkt 1.5 gjennomføre det:

Innafor nærmere avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Miljødirektoratet ved forskrift forby all slags ferdsel heile året eller ein del av året når ein reknar det naudsynt for å bevare plante- eller dyrelivet eller geologiske førekommstar. Regelen gjeld ikkje for ferdsel i samband med verksemd som er nemnd i pkt. 2.5.

LANDBRUK

Innafor kulturlandskaps- og brukssona skal forvaltningsmyndigheita etter fagleg vurdering arbeide for å stimulere til å få tilbake fleire beitedyr for å bevare kulturlandskapet, og sikre ressursar for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt og skog. Det er høve til det etter verneforskrifta punkt 2 og 2.1:

Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for:
Beiting og drift av eksisterande setervollar, utslåttar og dyrka jord. Dette omfattar rydding, kalking og gjødsling i samsvar med gjødslingsplan, som er godt kjent av forvaltningsmyndigheita.

Under førestenad av at ein har midlar til det, ønskjer verneområdestyret å kjøpe tenester av grunneigarar, rettshavarar og andre for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt/skog og liknande. Vidare er det både høve til og ønskjeleg med drift av eksisterande setervollar, utslåttar og dyrka jord.

Verneforskrifta er utforma slik at lokalsamfunna sin tradisjonelle bruk av områda skal kunne halde fram, samstundes som ein skal sikre området mot nye tekniske inngrep i strid med verneføremålet. Sjølv om det ikkje er innmark innanfor vernegrensa er området viktig i samband med stølsdrift/fjellbeite for mange av dei lokale fjellgardane.

Det er høve til å drive eit skånsamt skogsbruk i landskapsvernområdet. Verneforskrifta pkt. 1.2 opnar for det:

For skjøtsel og drift av skogen i området gjeld retningslinene for forvaltning av verneskog i Telemark. Planting og tekniske inngrep i samband med skogsdrifta, til dømes bygging av skogs- og traktorvegar, krev likevel godkjenning av forvaltningsmyndigheita.

Skogen i Brattefjell-Vindeggen kan avverkast på lik linje med anna verneskog i Telemark. Til særskilde føremål er fjellskogen meir verdifull enn låglandsskog. Føremålet med dette er å sikre at hogst i verneskogen mot fjellet blir utført slik at skog med vanskelege foryngingsforhold og vekstforhold ikkje skal bli øydelagt av mishandling eller feilaktig hogst, og å sikre at denne skogen blir skjøtta i samsvar med formålet i Skogloven. Det er reglar for meldeplikt og korleis drift i praksis skal gjennomførast. I tillegg til tømmerdrift er det høve til å ta ut ved.

Drift av skogen kan skje utan spesielle dispensasjonssøknadar, men kravet om å følgje retningslinene for drift av verneskog i Telemark er absolutt. Det som likevel krev dispensasjon er planting og bygging av skogs- og traktorvegar. Dersom det skal gjevast løyve til vegbygging, er forvaltningsmyndighetene forplikta til å gjennomføre ei grundig vurdering av konsekvensar og effektar. Det skal i og for seg gjerast i alle saker, men naturmangfoldloven seier noko om at krav til kunnskapsgrunnlag skal stå i forhold til tiltakets art og karakter. Ein traktorveg vil vera eit varig inngrep i landskapet og påverke verneverdiane på ein måte som kan vere større enn andre tiltak som også krev dispensasjon.

Primært bør tømmer transporterast ut på snødekt mark, men då det kan vere problem å få ut tømmer med økonomisk overskot vinterstid grunna mykje snø, skal det vere høve til å opparbeide enkle traktorsleper i bruks- og kulturlandskapssona for uttransport av tømmer på barmark. Dette krev godkjenning av forvaltningsmyndighetene. Dersom slike trasear skal godkjennast, skal det vere gjennomført ei detaljert og god vurdering av tiltakets påverknad på verneføremåla, og ein skal vere heilt sikker på at føremåla med vernet ikkje blir skadelidande. Det er også eit vilkår av frakt på vinterføre og bruk av helikopter ikkje er mogleg.

Forvaltningsmyndighetene skal godkjenne kvart enkelt tiltak, til dømes oppføring og ombygging av bygningar og anlegg, ut frå ei fagleg vurdering. For landbruk seier verneforskrifta i punkt 3 og 3.1 at:

Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsmyndigheita på nærmere vilkår gje løyve til:
Tiltak i samband med jord- og skogbruk, så som oppføring av bygningar o.l.

Verneforskrifta punkt 3.3 seier at:

Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsmyndigheita på nærmere vilkår gje løyve til:
Anlegg av veg i samband med landbruksverksemde eller eksisterande kraftanlegg, dersom frakt på vinterføre eller bruk av helikopter ikkje er mogleg.

Likevel seier forskrifa punkt 2.2 at ein ikkje skal vere hindra frå:

Drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, vregar og anlegg. Det gjeld og fornying av anlegg for overføring av kraft, medrekna rydding i og langs trasé, oppgradering av kraftleidningar for heving av spenningsnivå, auke av linetverrsnitt, nye master mv. når dette ikkje i vesentleg grad vil vere til skade for verneformålet.

BYGNINGAR

I landskapsvernombordet er det i utgangspunktet forbode å føre opp nye bygningar med unnatak i samband med jord- og skogbruksdrift (sjå under landbruk over). I og med at det finst hytter frå tida før bandlegging og vernevedtak, tek ein her med desse retningslinene.

Drift og vedlikehald av eksisterande bygningar er lovleg jf. forskrifa punkt 2.2. Dette gjeld både landbruksbygg, fritidshusvære og eventuelt andre typar eksisterande bygg. Normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, vindauge, og anna som ikkje fører til endring av storleik eller fasade, er tillate utan søknad. Alle former for utviding og fasadeendring mv. som er unntatt søknad etter plan- og bygningsloven § 20-5, er likevel søknadspliktige i landskapsvernombordet.

Verneforskrifta punkt 2.3 seier at vernet ikkje skal vere til hinder for:

Oppføring av bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Slike saker skal leggjast fram for forvaltningsmyndigheita, som skal setja vilkår for storlek og materialbruk, plassering og utforming av bygningane.

Punktet seier at gjenreising av bygningar som har gått tapt som følgje av naturskade skal kunne skje, og at ein etter søknad kan få løyve til å endre både storleik, utsjånad og plassering. Dette med endra plassering kan til dømes vere positivt for vernet.

I tillegg til verneforskriftas omtale om bygningar, har forvaltningsmyndigheita definera retningslinjer for praktisering av forvaltninga. Desse omtalas i avsnitta under.

Når tiltaket kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet, kan forvaltningsmyndigheita på nærmere vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. Maksimal storleik på hytte er BYA 65 m², mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m², altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m².

Det skal ikkje gjevast dispensasjon til oppgradering/ombygging av uthus til fritidsbustad (bygging av eldstad). Men det kan – dersom behovet er godt dokumentera – gjevast løyve til å gjere om uthus til driftshusvære med eldstad. Vidare kan det gjevast løyve til uthus på inntil BYA 15 m² der trangen for dette er dokumentert og der samla BYA på staden ikkje er høgare enn BYA 80 m². BYA er forkortinga for bebygd areal, og er bygningane “fotavtrykk” i terrenget. Det betyr at takutstikk ikkje reknas med, men at bygning inkl. terasse, overbygd veranda og trapp reknas med.

Det skal ikkje gjevast dispensasjon til bygging av kjellar eller bygg med fleire etasjar.

Kommunane kan gje estetiske retningslinjer og forskrifter i tråd med Plan- og bygningsloven § 29-2. Eventuell godkjenning av innsetting av vindauge må ikkje endre bygningen sin karakter og må vere underordna bygningane sitt opphavlege preg.

Alle byggetiltak må tilpassast byggeskikken i lokalmiljøet med omsyn til takvinkel, taktekking, storleik, farge og fasade. Alle bygningar i Brattefjell-Vindeggen landskapsvern-område må ha ein mørk tradisjonell farge (grå/brun i mørke nyansar), mens taket primært må vere av typen bord- eller torvtak. Likevel er det mange dømer på at bygningar i Brattefjell-Vindeggen er tekt med bølgjeblekkplater, noko som må seiast å vere tradisjonelt for området. Uttak av torv lokalt til taktekking av bygningar i Brattefjell-Vindeggen krev dispensasjon. Det vil då bli vurdere korleis tiltaket vil virke inn på verneføremåla.

Det kan ikkje krevjast spesifikke materialval, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggar vert brukta materialar av tre, enten som laftetømmer, ståande panel eller som kombinasjonar av desse.

Gamle stølshusvære må i hovudsak haldast som dei er, eller ein tilrår at dei blir tilbakeførde til tidlegare utsjånad. For opprusting av eksisterande stølsbygg må ein søkje dispensasjon. Det kan gjevast løyve til restaurering av gamle steinbuer og å bygge opp nedfalne bygningar når bygningane er naudsynte i samband med jord- og skogbruksdrift eller kulturminneføremål, og tiltaket ikkje er i stid med verneføremålet. Løyve til restaurering eller gjennoppbygging for kulturminneneføremål blir handsama etter naturmangfaldlova § 48, mens bygningar knytta til jord- og skogbruk handsamast etter verneforskrifta kap. 4 punkt 3.1. Planar om vesentlege endringar på bygningar eldre enn frå 1850, må sendast til kulturminneforvaltninga hos Telemark fylkeskommune, jf. Kulturminnelova § 25 andre ledd.

BYGNINGAR I SAMBAND MED LANDBRUK OG UTMARKSNÆRING

Det skal vera ei restriktiv forvaltning av området i høve til nye bygningar. I utgangspunktet signaliserer verneforskrifta forbod mot nye bygningar utanom bygningar i samband med jord- og skogbruk, jf. verneforskrifta kap. 4, punkt 1.1, 2.3 og 3.1. Forvaltningsmyndigheita skal vurdere trøngen for nye bygningar ved søknad om dette.

Behov for nye bygningar må dokumenterast gjennom ei landbruksfagleg vurdering, og det skal oppmodast til vedlikehald av eksisterande bygningar, skjol og båthus. Verneområdestyret skal innhente landbruksmessige opplysningar frå til dømes kommunen, Fylkesmannen og andre landbruksfaglege organ for å gjennomføre landbruksfagleg vurdering. Det styret skal vektlegge, er kor avgjerande det er for landbruksdrifta på eigedomen at det blir gjeve løyve til oppføring av nytt driftsbygg, og om nytta veg opp for dei skadane tiltaket eventuelt påfører verneføremåla. Verneområdestyret kan sette strenge vilkår til bruk av driftsbygg dersom det vert gitt løyve til bygging.

Innafor brukssona og kulturlandskapssona kan forvaltningsmyndigheita etter fagleg vurdering gje løyve til:

- Å byggje opp att stølshusvære på gamle tufter når formålet er bruk i samband med landbruk.
- Oppsetting av nye bygningar i samband med landbruksdrift dersom det ikkje stirr mot verneformålet.

- Mindre tilbygg på eksisterande bygning dersom det samla areal ikkje overstig BYA 65 m².
- Uthus på inntil BYA 15 m², og der samla BYA på staden ikkje overstig 80 m². Uthus i denne samanheng er eit bygg som sikrar reine uthusfunksjonar, ikkje eit anneks med eldstad og høve til overnatting.

Heimelen til mindre tilbygg og ombygging av eksisterande bygningar er pkt. 3.2 i verneforskrifta. Dette er eit punkt som gjeld både for landbruksbygg og for andre slag bygg i området.

I somme høve kan ein gje dispensasjon for oppføring av nye bygningar på maksimalt BYA 65 m² i samband med annan utmarksnærerig etter nærmere retningslinjer. Dette gjeld når eigedomen har trong for husvære for hausting av utmarksressursar, når utmarksnærerig utgjer ein vesentleg del av inntektsgrunnlaget for eigedomen og aktiviteten inngår i driftsplan.

Følgjande retningslinjer skal leggast til grunn når unnataksvis dispensasjon etter § 48 i naturmangfoldloven for oppsett av nye bygningar i samband med annan utmarksnærerig:

- Nye bygg kan tillatast innafor brukssona og kulturlandskapssona i område som ikkje kjem i konflikt med sentrale funksjonsområde for villrein.
- Det bør vere ei nedre grense for om det kan seiast å vere ”næringsmessig potensial” knytt til nye byggetiltak på teigen/eigedomen. Retningsgjevande grense vert sett til 1500 daa. Storleik på eigedom/avtalefesta samarbeid mellom fleire eigarar kan vurderast. Rettar som inngår i grunneigarsamarbeid og som blir lagt til grunn for ev. løyve, bør tinglystast.
- Tiltaket er del av ei driftseining med landbruksdrift og kan seiast å danne grunnlag for attåtnærerig.
- Ein bør vurdere om det er andre driftsbygningar knytt til eigedomen som dekkjer trongen for husvære.
- Ein bør vurdere tilkomst og avstand (gangtid) til veg/anna husvære på eigedomen, retningsgjevande min 3 km/1 time.
- Ein bør vurdere om nybygg vesentleg kan endre landskapet sin art eller karakter.

I dispensasjonsvedtak etter § 48 i naturmangfoldloven, skal det kome fram korleis retningslinene over er vurderte. Dette som eit tillegg til dei krav som etter naturmangfoldloven skal ligge føre som grunngjeving for vedtak etter § 48.

JAKT, FISKE OG FRILUFTSLIV

Retten til fri ferdsel i utmark er grunnlaget for hovudtyngda av friluftsliv i Noreg, også i verneområda. Denne retten er ein del av dei eldgamle allemannsrettane. Då omfanget av ulike friluftslivsformer er aukande, skal det leggast til rette for eit balansert friluftsliv i Brattefjell-Vindeggen, og det kan vere aktuelt å jobbe noko meir systematisk med besøksforvaltning i framtida. Det er i verneforskrifta ikkje sett forbod mot ferdsel i verneområdet. Forvaltningsmyndighetene oppmodar likevel til minst mogleg ferdsel i dei områda der villreinen oppheld seg under kalvinga.

Når det gjeld tiltak og inngrep i samband med friluftsliv, vert det understreka at det berre er forsiktige inngrep for det enkle friluftsliv som kan tillatast, slikt som rydding og merking av sti og løype. Etablering av nye stiar og løyper skal ikkje skje i vernesona, men kan elles etter verneforskrifta punkt 3 og 3.4 gjerast i dei andre sonene:

Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsmyndigheita på nærmere vilkår gje løyve til:

Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

Etter verneforskrifta er det forbod mot oppføring av bygningar og anlegg mv. Regelen vil og som hovudregel ramme mindre innretningar – både faste og mellombels. Det kan likevel unntaksvis vere aktuelt for verneområdestyret ut frå nærmere vurdering, å gje løyve til mindre mellombels tiltak, som til dømes oppsetting av lavvo ol.

Tradisjonelle friluftsaktivitetar som jakt og fiske kan ein sjølvsgart drive med. Det er grunn-eigarane som har jakt- og fiskerett i landskapsvernområdet. Forskrifta punkt 2 og 2.4 seier:

Reglane i punkt 1 (om vernet) skal ikkje vere til hinder for:

Jakt og fiske etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld.

Det er dei generelle reglane for jakt, fangst og fiske i viltloven og innlandsfiskloven som gjeld i verneområdet. Utnytting av jakt og fiske i Brattefjell-Vindeggen kan difor gå føre seg som hausting for eige bruk, for sal av kjøt og fisk, eller ved at jakt- og fiskerett med eller utan husvære vert leigd ut.

Sleper for uttransport av felt elg og hjort skal peikast ut av forvaltningsmyndigheita. Trasear som kan vere aktuelle for uttransport av felt elg og hjort, er teikna i eiga temakart over trasear aktuelle for motorisera ferdsel. Transport av felt elg og hjort utanfor godkjende tra-sear, skal skje med lette terrenggåande køyrety som ikkje set varige spor i terrenget og krev dispensasjon etter verneforskrifta.

På same måte som anna aktivitet, kan det tenkast situasjonar der friluftslivet også kan virke uroande eller der friluftsaktivitetar kan påverke verneverdiane negativt. Verneforskriftas punkt 1.5 kan då bli bruka.

STIAR OG LØYPER

Stiar og løyper er for mange viktig i samband med ferdsel i fjellet. Det følgjer både fordelar og ulemper med slike ferdelsårer. Fordelane er at ein lettare kan styre ferdsel vekk frå område der ferdsel kanskje ikkje er ønskt, og at tilrettelegging generelt vil føre til at fleire nyttar området og utøver eit aktivt friluftsliv. Ulempa er at det ofte oppstår terrengslitasje og forsøpling. Det er i dag opparbeida og merka stiar og løyper innanfor alle sonene i Brattefjell-Vindeggen. Det er mogleg å etablere fleire, men eventuelt nye stiar og løyper skal ikkje



Brattfjell-Vindeggen var før vassdragsregulering og bygging av infrastruktur å rekne som ein tange til Hardangervidda. Her kan ein sjå innover vidda frå Diplenuten i Tinn.

leggjast innanfor vernesona. Grunngjevinga er at vernesona mest moglig skal forvaltas som eit urørt område og at ein ser på vernesona som den viktigaste med omsyn til villreinen. Førringane for nyetablering av stiar og løyper er slik:

- Når tiltaket kan skje utan at det stirr med vernet kan forvaltningsmyndigheita i samråd med grunneigar, på nærmere vilkår gje løyve til opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper. Det er viktig at forvaltningsmyndighetene gjer ei fagleg vurdering av det einskilde innspelet før det blir sett i gang tiltak med rydding og merking av nye stiar og løyper. Ein slik vurdering må sjå på tiltaket sin venta effekt på verneføremåla, slik som auka samla belastning, jf. Naturmangfoldloven §10. Det kan til dømes vere forstyrringar for villreinen eller auka slitasje på vegetasjon. Nye stiar og løyper skal berre etablerast innanfor kulturlandskaps- og/eller brukssona.
- Dei viktigaste merka stigane og merka/oppkjørte skiløypene er vist på eige temakart (sjå vedlegg). Det vert understreka at temakartet er retningsgivande, og at det kan vere avvik grunna til dømes snøtilhøve. Merking og stikking av eksisterande stiar og skiløyper skal kunne halde fram som tidlegare utan særskilde løyve.
- Motorferdsel i samband med oppkjøring av skiløyper/merking av stiar krev løyve.

Generelt er det slik at all tilrettelegging for friluftsliv i fjellet, som merking av stiar og skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med aktuelt lovverk og offentlege føringer og anbefalingar. Merkinga skal gjerast i samråd med grunneigar.

Aktivitetar som kan vere forstyrrende for villrein bør ikkje førekome i sårbare område. Døme på dette er idrettsarrangement eller organisera turar som inneber at større grupper oppheld seg i same område til same tid. Forvaltningsmyndigheita ønskjer dialog med slike arrangørar og utøvarar for å sikre at aktivitetane ikkje kjem i konflikt med vernet.

MOTORISERT FERDSEL

All motorferdsel i utmark skal gå føre seg i tråd med lov og forskrifter for motorferdsel i utmark og på islagde vatn. I området som er verna i medhald av naturvern-lova/naturmangfoldloven, er det ofte strengare reglar for motorisert ferdsel enn det som følgjer av motorferdselloven/nasjonal forskrift.

I verneforskrifta kap. 4, punkt 1.3 og 1.4 heiter det:

Lågtflyging under 300 m er forbode, og

Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsmyndigheita. All motorferdsel skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor o.l.

Det er utarbeidd eigne interkommunale forskrifter med forbod mot motorferdsel i beite- og kalvingsområde for villrein visse tider av året jf. "FOR 1996-12-30 nr 1415", sjå temakart og forskriftsvedlegg.

Grunnen til at flyging under 300 meter er forbode, er at slik flyging kan virke forstyrrende på til dømes villreinen, men også anna dyre- og fugleliv. I praksis får dette punktet vanlegvis funksjon når det er naudsynt med helikoptertransport av materialar i samband med til dømes byggearbeid. Sjølv om helikopteret ikkje landar, skal det søkjast dispensasjon, då flyginga vil skje under 300 meter. Ofte vil helikoptertransport vere å føretrekkje framfor bruk av snøskuter om vinteren. Dette fordi ein ofte vil kunne avgrense forstyrringa til eit kortare tidsrom. Verneområdestyret prøvar å samle eventuelle løyver til eit avgrensa tidsrom og vil forsøke aktivt å kople fleire tiltakshavarar saman om det er mogleg. På den måten blir det flyging over kortare tidsrom. Vanlegvis set verneområdestyret vilkår om at flyginga skal skje på eit tidspunkt der reinen blir uroa minst mogleg.

Verneområdestyret har peika ut rutene der motorferdsel kan skje når motorferdsel er tillatt etter motorferdsellova eller det er gitt løyve etter motorferdsellova (sjå temakart vedlegg 5). Enkeltløyve etter vedtekne trasear skal ikkje handsamast etter verneforskrifta, men ute-lukkande etter motorferdselloven med dei avgrensingar som er fastsette i verneforskrifta og den interkommunale forskriften som er nemnt ovanfor. Det er difor ikkje naudsynt å söke verneområdestyret om dispensasjon når det skal køyrast etter desse rutene, men det skal søkjast kommunen om dispensasjon etter motorferdselloven i den kommunen der køyringa finn stad. Likevel er det slik at landskapsvernombordet har ei forskrift som regulerer deler av motorferdsela ekstra strengt. Det gjeld område som er definera som vinterbeite- eller kalvingsområde. Her kan det berre gjevast løyve til hytteeigar til særslig turar for vare-transport til eiga hytte. Det er dei einskilde kommunane som er forvaltningsmyndigkeit for denne forskriften.

Generelt skal ein samordne handsaminga av løyve til naudsynt køyring på ein slik måte at det totale talet på turar vert så lavt som mogleg.

Motorferdsel skal ikkje føre til varige markskader. Målet er å kanalisere ferdsl for å unngå ei mengd hjulspor i terrenget. Enkle sleper til stølar som er i drift kan tillatast, men berre etter godkjenning av verneområdestyret. Desse rutene er fastsette gjennom denne planen (sjå vedlegg og tekstforklaring).

Dersom nokon har trong for å kjøre utanfor dei vedtekne traseane, må det søkjast verneområdestyret om dispensasjon. Får ein dispensasjon, må søkeren vidare innhente løyve etter motorferdselloven hjå kommunen, samt løyve frå dei grunneigarane til eigedomar det er aktuellt å køyre over. Det er også felles at all motorferdsel gjeng føre seg så det ikkje oppstår varige markskader eller hjulspor.

Trasear for uttransport av elg og hjort kan tillatast i bruks- og kulturlandskapssona i tråd med forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 2b. Verneforskrifta seier at det berre kan skje etter faste ruter som er peika ut av forvaltningsmyndigheita. Det presiserast at det berre er høve til å bruke jernhest, ATV o.l. I dag er det godkjende trasear for dette i området Sandsetdammen-Viernuten, i Svartdalsheiane, Hundemyr-Åto, Hundemyr-Flottin-Reinstaul, Våtjønn-Storsteinnuten og nokre trasear på nordsida av Kovvatnet. For detaljar, sjå kartvedlegget.

Berre ferdelsreguleringar innanfor verneområdet kan heimlast i verneforskrifta. Dei store vatna/magasina i Brattefjell-Vindeggen (Sandsetvatn, Skjesvatn, Kova og Windsjåen) er ikkje omfatta av landskapsvernet og motorferdsel her er soleis ikkje regulert i verneforskrifta.

Kontroll av motorferdsel i verneområde skal utførast av politiet og SNO.

Verneforskrifta punkt 2.5 seier at vernet ikkje skal vere til hinder for:

Gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemد.

Det betyr at aktiviteten, uansett kva den måtte innebere, kan gjennomførast – også med bruk av naudsynt motorisert ferdsl. Det er heller ikkje krav om at denne ferdsla skal gå føre seg etter dei etablerte rutene, men det er likevel viktig å merke seg at aktiviteten bør gå føre slik at trugsmål mot verneverdiane blir minimert og helst i dialog med forvaltningsmyndighetene.

Statnett har kraftleidningar dei driftar og fører tilsyn med. Dei er difor avhengige av regelmessig å ta seg inn i området. Dei har tett dialog med verneområdestyret for å sikre at det blir teke omsyn til verneverdiane generelt, og villreinen spesielt. Det same gjeld forsvaret, som kvart år brukar fjellet nord i landskapsvernområdet til nokre av sine vinterøvingar. Også her er det ei god dialog med styret. Både Statnett og forsvaret må søke løyve for slik verksemd.

SAKSHANDSAMING

Alle dispensasjonssaker skal følgje fastsette rutinar. Desse rutinane er først og fremst etablerte gjennom forvaltningsloven, men også gjennom det som gjennom erfaring har vist seg oversiktig og effektivt.

Til tross for at saker som berører verneområdet primært skal handsamast av verneområdestyret først, er det ønskjeleg at søker om dispensasjon skal sendast kommunen. Dette for at kommunen kan registrere og gjøre ei vurdering av om verneområdestyret og/eller andre forvaltningsmyndigheter skal sjå på saka. På denne måten blir kommunane på eit tidleg tidspunkt gjort kjend med saka.

Når verneområdeforvaltaren har fått saka til handsaming, vert søkeren orientera ved ein førebels attendemelding. Denne seier litt om kven som er forvaltningsmyndighet, og kva tid saka kan ventast å bli handsama.

Saka sendast til villreinnemnda for uttale, men det kan også vere aktuelt å sende saka til andre grupper og etatar dersom det vil vere med på å opplyse saka. Når deira attendemelding kjem, vil saka bli ferdig skriven.

Ofte blir det gjennomført synfaring i samband med arbeidet med saksframleggelsen. Når sakene skal handsamast blir sakskart sendt ut. Dette blir også gjort offentleg tilgjengeleg ved at det vert lagt ut på verneområdestyrets heimesider:

www.nasjonalparkstyre.no/Brattefjell-Vindeggen

Styret fattar vedtak i sakene, og det blir skrive protokoll. Når protokollen er godkjend blir den lagt ut på heimesida. Det blir så skrive vedtaksbrev som vert sendt til søkeren. Kopi av brevet vert sendt til Miljødirektoratet og lokalt SNO, Fylkesmannen i Telemark, den aktuelle kommunen og villreinnemnda. Kopi av vedtaksbrev blir lasta opp i Miljøvedtaksregisteret (www.miljovedtak.no). Det blir også sendt kopi til aktuelle kopimottakarar.

Det er 3 vekers klagefrist på vedtaka. Dersom det blir klaga i ein sak, skal styret ta stilling til om vedkommande klagar har rettsleg klagerett. Dersom klaga blir teken til følgje, gjer styret nytt vedtak. Viss ikkje, blir saka sendt over til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.


Rådgjevande utval og administrativt kontaktutval blir sjeldan brukta som samla einingar i einskilde saker. Likevel er det ofte tett dialog mellom verneområdeforvaltaren og representantar frå kommunane som sit i administrativt kontaktutval, også på saksnivå. Fagleg rådgjevande utval brukast meir i samband med prinsipielle diskusjonar rundt forvaltning og forvalningsstrategi, aldri på saksnivå.



Villreinen kviler i vårsola ved Storfisktjørni.



Mårrastaddalen.



SKJØTSELSTILTAK

OPPSYN OG TILSYN

INFORMASJON

LITTERATUR

SKJØTSELSTILTAK

I utgangspunktet skal alle skjøtselstiltak sjåast i samband med bevaringsmåla for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombord. Bevaringsmåla er den tilstanden natur- og kulturlandskapskvalitetane i verneområdet skal ha, og tiltak skal gjennomførast dersom disse kvalitetane blir endra, eller det oppstår situasjonar som potensielt kan føre til endringar. Kva type skjøtselstiltak som kan vere aktuelt, vil avhenge av kva type bevaringsmål det dreiar seg om og styrke og storleik på tilstandsvariablane (god, middels, därleg).

Gjennom ein årleg bestilling med Statens naturopsyn (SNO) vil forvaltningsmyndighetene diskutere kva type tiltak som er naudsynte, om SNO eller andre skal utføre arbeidet, og trøngen for midlar for å gjennomføre tiltaket.

Oversikt over dei aktuelle skjøtselstiltaka, og kva tid det kan vere aktuelt å gjennomføre dei, kjem fram i vedlegg 1 om bevaringsmål.

I tillegg til skjøtselstiltak retta mot natur og kulturlandskapskvalitetane, skal verneområdestyret i planperioden arbeide meir med informasjon. Generelt er informasjonsarbeidet viktig, både for å gjere folk kjent med kva ein kan og ikkje kan utføre av til dømes byggetiltak og aktivitet, men også for å skape ei eigarkjensle til vernet. Det gjeld både grunnigarar og brukarar elles. Prioriterte oppgåver innan informasjon i planperioden vil vere:

- Oppsetjing av nye informasjonstavler.
- Produksjon av nye informasjonsbrosjyrar.
- Drifte nettsida på ein dynamisk måte.

Vidare skal det arbeidast kontinuerlig med å samle inn og systematisere kunnskap om ulike verneverdiar.

For å sikre eit godt grunnlag for avgjerder som igjen skaper god forvaltning, trengs god kunnskap om verneverdiene i området. Gjennom overvaking, datainnsamling og kartlegging vil ein få auka kunnskap om naudsynte forvaltingstiltak som er naudsynte for å halde ved lag statusen for verneverdiene. I planperioden skal det difor arbeidast med naturtypekartlegging.

OPPSYN OG TILSYN

For å sjå til at føremålet med vernet blir teke vare på er det viktig at det vert ført tilsyn med både verneverdiene, og at den menneskelege aktiviteten går føre seg i tråd med verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombord. SNO er miljøforvaltingas operative feltorgan og oppsynsmyndighet for verneområdet, og dermed ansvarleg for naturopsynet. SNO kan og drive skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområda skal avklarast nærmere og avtalast gjennom bestillingar mellom forvaltningsmyndighetene og SNO.

Grunneigarane fører oppsyn med at privatrettslege avtalar vert respektert.

Oppsynsfrekvensen skal til ein kvar tid dimensjonerast og tilpassast trøngen i området. Det bør blant anna intensiverast under villreinjakta, utfartshelgar vinterstid og i kalvings- og hekketid.

Både SNO og verneområdestyret er pliktige til å rapportere/melde brot på verneforskrifta dei vert kjende med, til politiet. Dei skal også informerast om/ha tilgang til kvarandre sine rapportar/meldingar når slike blir sende til politiet.

Hovudoppgåvene for naturoppsynet i Brattefjell-Vindeggen:

- Gje informasjon og rettleiing til brukarar og dei som vitjar området.
- Halde oversikt over utviklingstendensar i området.
- Halde oppsyn/oversikt med status på natur- og kulturverdiane i området, med særleg vekt på sårbare og truga artar.
- Kontrollere, rapportere og reagere på brot på verneforskriftene og anna lov-/regelverk.
- Ha god kontakt med, og gje faglege innspel til, forvaltningsmyndighetene.
- Følgje opp vilkår gjeve av forvaltningsmyndighetene i samband med dispensasjonar.
- Utføre eller sjå til at skjøtseltiltak blir utført etter fastsett plan/vedtak.

INFORMASJON

Det er viktig på mange måtar at det blir drive eit breiast mogleg informasjonsarbeid. Verneområdestyret er oppteke av at det vil verke både motiverande og konfliktdeempande. Gjennom god kunnskap vil grunneigarar og brukarar få eit felles eigarskap til vernet, også sjølv om utgangspunktet er forskjellig.

Gjennom informasjon vil forvaltningsmyndighetene lettare kunne kommunisere med andre, sidan faggrunnlag og felles forståing då er sterkare. Vidare er det viktig for oppvekande slekter at forvaltinga driv så god informasjonsspreiing som tid og ressursar tillét.

Verneområdestyret skal drive informasjonsarbeid på fleire måtar, der nettsider, oppslagstávler og brosjyrar er grunnstamma i passiv informasjonsformidling, og deltaking i skuleundervisning, gjesteførelesingar, møter og formidling gjennom direkte spørsmål står for den meir aktive informasjonsspreiinga. Både verneområdestyret og forvaltaren bidreg i dette arbeidet.

Informasjonsarbeidet skal ikkje vere avgrensa eller prosjektretta. Arbeidet skal drivast jamt heile tida, og følge Miljødirektoratets merkevarestrategi.



Steinbu ved Blanketjønn.

LITTERATUR

- Andersen, R. & Hustad, H. (red.) 2004.** Villrein & Samfunn. En veileding til bevaring og bruk av Europas siste villreinfjell. – NINA Temahefte 27. 77s.
- Direktoratet for naturforvaltning. 1993.** Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv. DN-håndbok 1993-3.
- Direktoratet for naturforvaltning. 2001.** DN-Håndbok 17-2001, Områdevern og forvaltning.
- Direktoratet for naturforvaltning. 2003.** Forvaltningsplan for Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområder.
- Eriksen, J. E. 1994.** Botaniske registreringer i Brattefjell Vindegggen. Fylkesmannens Miljøvernnavdeling i Telemark.
- Faun Naturforvaltning AS.** Forvaltningsplan for Brattefjell-Vindegggen landskapsvernområde 2010-2014.
- Gaare, E. & Skogland, T. 1975.** Wild reindeer food habits and range use at Hardangervidda. – I: Fenoscandian Tundra Ecosystems. IBP ecological studies 17, Springer Verlag, Berlin, s. 195-210.
- Gaare, E. & Hansson, G. 1990.** Villreinbeiter i BV, Telemark, NINA Oppdragsmelding 27: 1-16.
- Kolle, K. 1985.** Prosentvis fordeling av villreinens tidsforbruk på ulike aktiviteter før og under jakt. TDH.
- Kulturlandskapssenteret I Telemark og Biofokus.** Skjøtselsplan for stølsområde i Brattefjell-Vindegggen. Vurderinger med omsyn til kulturhistoriske verdier biologisk mangfold, og dagens bruk. Kråkeroe – Svartdalsheiane- Åtodalen – Vikdalen, 2012-2013.
- Kulturlandskapssenteret I Telemark og Biofokus.** Skjøtselsplan for stølsområde i Brattefjell-Vindegggen del II. Vurderinger med omsyn til kulturhistoriske verdier, biologisk mangfold og dagens bruk Skjesdalen – Måråstadalen – Gausdalen (Tinnsida), 2013-2014.
- Nordby, H. 1995.** Svartdalsheiane og Måråstaddalen. Registrering av stølsanlegg i to dalfører i Brattefjell-Vindegggen området i Telemark. Fylkesmannens Miljøvernnavdeling i Telemark.
- Skogland 1978.** Characteristics of the snow cover and its relationship to wild mountain reindeer feeding strategies. Arctic and Alpine Research 10:569-580.
- Skogland 1988.** Tooth wear by food limitation and its life history consequences in wild reindeer. Oikos 51:238-242.
- Skogland, T. 1990.** Villreinens tilpasning til naturgrunnlaget. NINA forskningsrapport nr.10.
- Stortingspropusisjon nr. 65 (2002-2003)** Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003.
- Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005)** Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.
- Trae, S. V. et al. 1993.** Biotopfragmentering- konsekvenser for villreinstamma i Brattefjell Vindegggen. NLH.
- Trae, S. V. 1994.** Samarbeid om naturforvaltninga. Rapport nr. 3. Samarbeidsforum Brattefjell Vindegggen.
- Trae, S. V. 1994.** Brattefjell Vindegggen: Fragmentering- en trussel for villreinen? Årbok for villreinrådet i Noreg.



VEDLEGG

1	Bevaringsmål	s. 58
2	Sonekart	s. 62
3	Løypekart	s. 64
4	Bygningskart	s. 66
5	Villrein- og motorferdselskart	s. 68
6	Verneforskrift	s. 70
7	Forskrift om motorferdsel (lokal)	s. 73
8	Vedtekter for verneområdestyret	s. 74
9	Stillingsskildring forvaltar	s. 79

Barskog meir enn 900 moh. i Gausdalen.

VEDLEGG 1 – BEVARINGSMÅL

MÅL	DATAFANGST	METODE/ OVERVAKING	PARAMETER	TRUSLAR	TILTAK/ ØKONOMI
Eit intakt høgfjells-landskap	Tekniske inngrep skal ikkje føre til landskapsmessige endringar. Også viktig å forhindre attgroing (sjå bevaringsmål kulturlandskap), og erosjon/slitasje.	Registrering av tekniske inngrep og erosjon/slitasje.	Synfaring og registrering av tekniske inngrep, samt erosjon/slitasje som følge av ferdsel eller anna aktivitet. Også aktuelt å følgje med på endringar som skuldast klima eller andre naturgjevne grunnar.	God: Ingen endring i visuell oppleving av landskapet. <u>Middels:</u> Små endringar som til dømes flytting av bygningar utan at talet på bygningar blir auka, og der flyttinga har ein effekt på landskapet. Avgrensa og naturlig erosjon. <u>Dårlig:</u> Tekniske inngrep som påverkar landskapet. Erosjon og slitasje utover naturleg.	Ulovleg bygging av veg, anlegg eller bygningar. Erosjon og slitasje som til dømes turstiar over skrinne og vindutsette områder, eller der stigane går over myr. Forvaltninga skal sikre at det ikkje gjennomførast tiltak som kan virke negativt på landskapet. Det dreiar seg om førebyggjande arbeid gjennom forvaltinga. Forfølgje eventuell ulovlig bygging. Sikre attendeføring ved erosjon og slitasje utover naturleg. Skademinimere og attendeføre. Sikre utsette område.
